

## Beskjeder:

Denne veka startar utviklingssamtalane. Samtalane skal vera på klasseromma. Tider er sendt ut i Visma. Vel møtt!

Når det gjeld leseleksa høyrer vi endå at elevane treng å repetera teksten for å få flyt når dei les. Når elevane les fleire gonger same teksten vil de høyre ein skilnad. Vi rettleiar elevar når vi går gjennom leseleksa, men vi ønskjer at de skal følgja meir opp når det gjeld å repetera.



Å kunne avkoda ord og skjøna innhald i tekst er berebjelke i høve å klara å jobba sjølvstendig. På vegen fram mot dette målet treng elevane våre hjelp til å gjera den litt kjedelege jobben med å repetera tekst. I klasserommet øver vi på å lesa enkle instruksar og skjøna kva oppdraget er. Til dømes: «Finn rett rekkefølge. Set nummer framfor setningane. Les teksten til slutt». For å klara og lesa og forstå slike instruksar treng elevane øva på å få gode leseferdigheiter. Det er ingen snarveg til å bli ein god lesar, det er kontinuerleg øving og repetering.

Tysdag denne veka skal vi på ei førestilling som heiter «Den musikalske eventyrskogen». Gymmen går difor ut.

*Framsyinga vil utfalda seg i den magiske eventyrskogen, der barna vil få møta ulike skogskapningar og oppleve dei musikalske eventyra deira. Dei vil høyra melodiane frå dei vakre norske folketonane, klassisk musikk og improvisasjon basert på kjende barnesongar. Kanskje dei til og med møter nokon alvar eller nissar på sin veg?*

Ha ei fin veke, helsing Sarita, Linn Elise og Nina

| Dette jobbar vi med denne veka: |   |
|---------------------------------|---|
| <b>NORSK</b>                    | <b>Vi lagar bøker</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Eg øver på å skrive bokstavane riktig.</li> <li>• Eg øver meg på å skrive korte tekstar som andre kan lesa.</li> <li>• Eg veit kva ein illustrasjon er.</li> <li>• Eg lagar illustrasjonar som passar til teksten eg skriv.</li> </ul> |
| <b>MATTE</b>                    | <b>Tala til 20</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Eg kjenner til tala 11-20 og øver meg på å forme dei rett.</li> <li>• Eg øver meg på å finne rett mengd til rett symbol.</li> <li>• Eg kan telje baklengs frå 20.</li> </ul>  |
| <b>SOSIALT</b>                  | <ul style="list-style-type: none"> <li>• Eg vel ein TL-aktivitet før eg går ut i storefri.</li> <li>• Eg øver meg på å samarbeide med alle i klassen.</li> </ul>  |

|   | Til tysdag   | Til onsdag  | Til torsdag  | Til fredag  |
|---|--|---|--|---|
| <b>NORSK</b><br> | Les ★ ☾ eller ☀ på s. 84 eller s. 85. Gjer skriveoppgåva på s. 85. | Les ★ ☾ eller ☀ på s. 84 eller s. 85 . Øv på å lesa med flyt. Øv på å lese heile ord, ikkje lyd for lyd. Du skal no prøva å hugsa det du les. | Les ★ ☾ eller ☀ på s. 82, åleine eller saman med ein vaksen. | Les ★ ☾ eller ☀ på s. 82 åleine eller saman med ein vaksen . Øv på å lesa eit av avsnitta med flyt. Øv på å lese heile ord, ikkje lyd for lyd. Du skal no prøva å hugsa det du les. |
| <b>MATTE</b><br> |  |   | Gjer s. 112 og s. 113.                                       |   |
| <b>Hugs:</b>  | Gymmen går ut i dag! Vi skal på førestilling.                      | Uteskule, kle deg etter veret. Leksebøker kan ligge heime!  | Lever inn tom meldemappe og leksebøker.                      |   |